



Ulla Skulehus

Haramsøy

Skjpa 11. april 2009

Bygd i 1886

**PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE 2021
PÅ SKULEHUSET LAURDAG 21.8.2021 KL 1200-1300**

Til stades:

Wenche Kleiva Eide, Kjetil Kleiva Lervåg, Randi Ulla Nogva, Bjørn Nogva, Lars Ulla, Peder Ulla, Hildegunn Ulla, Knut Hallvard Ulla, Jane Tangen Ulla, Steinar Åkre, Ottar Ulla, Kirsti Ingelsrud, Helle Ingelsrud, Arne Frode Barsnes, Grethe Flem Ulla, Åsmund Ulla.

1. Innkalling og sakliste
Godkjent.
2. Val av møteleiar, referent og underskriving av protokoll
Møteleiar og referent: Knut Hallvard Ulla
Underskriving av protokoll: Helle Ingelsrud og Lars Ulla.
3. Årsmelding 2020/2021
Årsmeldinga vart lest opp og godkjent.
4. Rekneskap og revisjonsmelding 2020/2021
Godkjent.
5. Planar og årskontingent
Årskontingent vart vedteken uendra: kr 500 for vaksne (over 25 år) og kr 100 for barn og ungdom under 25 år. Det er ikkje familiemedlemskap.
Etter forslag frå Lars Ulla vart det vedteke å vurdere om vi skal investere i lydanlegg på Skulehuset. Steinar og Bjørn skal leggje fram forslag til styret med kostnadsoverslag og kva det skal innehalde.
Det er heilt nødvendig å skifte bordkledning på sørveggen. Styret må lage eit kostnadsoverslag. Vi tek sikte på å gjennomføre dette arbeidet vår/sommar 2022. Styret vil ta kontakt med næringsliv/bedrifter for å prøve å få inn midlar til dette tiltaket.
Når det gjeld opparbeiding av avkjørsle frå fylkesvegen til skulehuset, vil vi undersøkje om kva som er status når det gjeld Nordøyvegen. Knut Hallvard tek kontakt.
6. Utleige.
Utleige skal skje etter vedtekne reglar. Nei til vindkraftverk på Haramsøy har brukt Ulla Skulehus utan vederlag i to år. Styret vil be om at Nei til vindkraftverk på Haramsøy gir ein økonomisk kompensasjon for dette. Knut Hallvard tek kontakt med styreleiar Lisbeth Marie Austnes.
7. Val
Knut Hallvard Ulla og Peder Ulla var på val som styremedlemmer. Begge vart attvalde i samsvar med innstillinga frå valkomiteen. Randi Ulla Nogva var ikkje på val som styremedlem.
Guttorm Ulla og Lars Ulla var ikkje på val i valkomiteen.
Årsmøtet meinte at revisor ikkje skal vere i styret. Ny revisor vart Wenche Kleiva Eide.

Ulla Skulehus, Haramsøy – Org.nr 894 407 352 - Bankkonto 3910 37 31368

Postadresse: Knut Hallvard Ulla, Bjønnan 64, 6410 Molde

Tlf 93 43 86 24 - E-post: knut.hallvard.ulla@gmail.com - Internettside: ullanett.com



Ulla Skulehus

Skjpa 11. april 2009

Haramsøy

Bygd i 1886

8. Det var ingen innkomne saker til styreleiaren før møtet tok til.

Utanom saklista tok Randi Ulla Nogva opp spørsmålet om framtidig drift av Ulla Skulehus. I dette ligg innspel om fleire styremedlemmer og organisering. Styret skal ta initiativ til å førebu ei sak om dette til neste årsmøte.

Helle Ula Ingelsrud
Helle Ingelsrud

Lars Ulla
Lars Ulla